



Paula var raud då ho kom i mars

**Hvis du trur at Eidsvik Skipsbyggeri har fått inn ein ny, grøn båt til overhaling, tek du feil. Det er ein raud båt som har vorte grøn - Paula har vorte til Røttingøy.**

**For å vera fagleg har trålarer  
Paula vorte til ringnotsnurparen Røttingøy hos Eidsvik.  
Ombyggjinga blir ferdig ein av dei første dagane  
og Røttingøy set då kursen heim  
til Lepsøy før båten går ut på fiske etter makrell.**



No forlet den grønne Røttingøy Eidsvik

Det opplysar Astrid Dale i Dales redri til uskedalen.no.  
Ombyggjinga hos Eidsvik har vore igang sidan mars og grunnen til at fargeskiftet er skjedd er fordi grøn er Dale sin rederifarge.

Det er ei fascinerande og spennande historie om ein fiskebåt som no går inn i eit nytt kapitel og vi skal repetera dei viktigaste 'knaggane':

\* Paula vart bygd hos Eidsvik for det irske rederiet Doyle Fishing Company Ltd. og levert dit i 1994 som byggjenummer 51 ved vårt tradisjonsrike verft.

\* I 2005 kom båten attende hit for reparasjon etter eit havari.

\* I år vart ho kjøpt attende til Noreg av Dales Rederi til erstatning for fiskebåten MS Røttingøy. Dermed får rederiet auka lastekapasiteten med 50 prosent i tillegg til overgangen frå trålar til snurpar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen